

Krav til kompetanse gjeld òg for vare- og tenesteprodusentar

«Vare- og tenesteprodusentar» er eit uttrykk som er meint å omfatte alle former for underleverandørar til oppdrettsnæringa. Kravet til fagleg kompetanse gjeld for vare- og tenesteprodusentar når dei gjennomfører aktivitetar i tilknytning til drift av oppdrettsanlegg.

Når denne aktiviteten fører med seg ein risiko for at fisk rømmer, må det i tillegg vere nok personell med fagleg kompetanse i å hindre, oppdage og avgrense rømming av fisk. Det vil i dei fleste tilfelle innebære at vare-/tenesteprodusenten er fysisk til stades på oppdrettsanlegget under aktiviteten, men kravet kan òg gjelde ved aktivitetar andre stader enn ved anlegget (til dømes ved transport av fisk i brønnbåt).



Figur 1. Illustrasjonsbilete (foto: Fiskeridirektoratet)

Kompetansekrav

[Akvakulturdriftsforskrifta § 6](#) første ledd inneheld krav til kompetanse: i første setning er det tale om krav til nødvendig fagleg kompetanse og i andre setning er tale om ei nærare presisering som gjeld konkret ved aktivitetar som kan føre med seg ein risiko for at fisk rømmer. Begge desse krava gjeld for både oppdrettar og vare-/tenesteprodusent. Krav om dokumentasjon følgjer av forskrift om IK-Akvakultur, som òg gjeld for begge.

Krav til nødvendig fagleg kompetanse

Dette kravet seier at alle som deltek må ha nødvendig fagleg kompetanse for å kunne utføre sine oppdrag og tenester på ein miljømessig forsvarleg måte, som blant anna vil vere aktuelt under

aktivitetar/arbeidsoperasjonar med risiko for rømming og ved utslepp av legemiddel. Kravet vil til dømes gjelde for leverandørar av brønnbåttenester, leverandørar av notinspeksjonstenester, verksemdar som leverer tenester utført av servicebåtar, leverandørar av notvasketenester og ein heil del andre typar verksemdar med personell som gjer ein jobb i tilknytning til drift av oppdrettsanlegg.

Verksemdene må, kvar for seg, oppfylle kompetansekravet innanfor sitt ansvarsområde og sørge for at personellet har den nødvendige faglege kompetansen for jobben dei gjer eller deltek i.

Krav til kompetanse i rømmingssikring

Ein servicebåt, brønnbåt eller andre som er leigd inn for å hjelpe til i ein avlusingsoperasjon, eller andre aktivitetar med rømmingsrisiko, vil i tillegg ofte kome inn under det konkretiserte kravet til fagleg kompetanse i rømmingssikring (hindre, oppdage og avgrense rømming av fisk, jamfør [akvakulturdriftsforskrifta § 6](#) første ledd andre setning). Det betyr ikkje nødvendigvis at mannskapet på servicebåten må ha denne kompetansen sjølv, men det må vere nok personell til stades med fagleg kompetanse i å hindre, oppdage og avgrense rømming av fisk når dei gjennomfører aktiviteten.

Mannskapet på servicebåten må uansett vere særleg påpasselege i arbeidet sitt for å hindre at fisk rømmer (jf. [akvakulturdriftsforskrifta § 37](#) første ledd første setning) og verksemda må sikre at tenesta dei leverer både er teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg når dei gjennomfører aktivitetar i tilknytning til drift av oppdrettsanlegg (jf. [akvakulturdriftsforskrifta § 5](#) fjerde ledd).

Merk at dersom oppdrettar ikkje deltek med tilstrekkeleg personell som har fagleg kompetanse i rømmingssikring, eller dersom servicebåten gjer arbeid utan at oppdrettar eller tilstrekkeleg anna personell med kompetanse i rømmingssikring deltek i aktiviteten, *må* mannskapet på servicebåten sjølv ha denne kompetansen for å kunne gjere jobben.

Kompetanse er meir enn utdanning

Fagleg kompetanse blir utvikla gjennom både formell utdanning, opplæring og erfaring. At ein person har faglege kvalifikasjonar i form av formell utdanning eller godkjent kurs, vil ikkje automatisk seie at han har den nødvendige faglege *kompetansen* til å delta i aktivitetar som er omfatta av akvakulturlova. Nærings- og fiskeridepartementet har definert kompetanse som «dei samla kunnskapane, ferdigheitene, evnene og haldningane som gjer det mogleg å utføre aktuelle oppgåver i samsvar med definerte krav og mål.»¹

Personellet må vere fagleg oppdatert

Regelverkskravet inneber også ei plikt til at kompetansen kontinuerleg må haldast ved like og vere oppdatert, slik at personellet til ei kvar tid er fagleg à jour. Det er eit særleg behov for dette innanfor akvakulturnæringa, grunna rask teknologisk og operasjonell utvikling.

Ansvarsdeling under arbeidsoperasjonar

I dag er det vanleg å gjennomføre fleire typar arbeidsoperasjonar på ein slik måte at oppdrettar sitt eige personell jobbar i lag med ein eller fleire eksterne aktørar. Dei involverte aktørane må då sørge for god samhandling og godt samarbeid slik at kvar enkelt av verksemdene oppfyller krav og plikter i regelverket innanfor sitt ansvarsområde.

¹ Strategi mot rømming fra akvakultur, Nærings- og fiskeridepartementet, 31.3.2017, kap. 4.1.

For å kunne gjennomføre arbeidsoperasjonar eller andre aktivitetar med rømmingsrisiko, må både oppdrettar og verksemdene som er inne og gjer ein jobb for oppdrettar (vare- og tenesteproducentar) sikre at det er tilstrekkeleg med folk som har nødvendig fagleg kompetanse i å hindre, oppdage og avgrense rømming. Den ansvarlege for arbeidsoperasjonen, som normalt vil vere oppdrettar, må sikre at arbeidet totalt sett blir gjennomført med nok personell med kompetanse innan rømmingssikring.

Oppdrettar må også sørge for at han har nok av sine eigne folk til stades når slikt arbeid blir gjennomført (jf. [akvakulturdriftsforskrifta § 37a](#) første ledd bokstav c). Dette må sjåast i samanheng med risikoen for rømming og plikta han har til å drive gjenfangst.

Sjå også rettleiingsarket Oppdrettar kan ikkje overlate rømmingsrisikabelt arbeid til andre, utan å sjølv ha folk til stades.